

Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



Foto: Marit Skredegård, Gol

Konfirmantar frå Vestre Slidre 2023

Rad 1 frå venstre: Hilde Hippe Bergheim, Kristine Sunnbotten Hovland, Anna Dalbø, Tuva Solsten


Rad 2: Sokneprest Trygve Rø, Vibeke Holten Riste, Maja Aurora Solheim

Rad 3: Magnus Lauvhaug, Mats Hålien, Emil Hovi, Haldor Fauske Jørstad, Ola Kvamme Nygard

Rad 4: Dovidias Jonusas, Eirik Røang Skogheim, Oliver Øen Tvenge, Eskil Lisjordet

Rad 5: Marius Kjøs, Håvard Kirkeengen, Ådne Sørengen, Håkon Hippe Bergheim

Ikkje til stades: Maia Bunde



Noreg i 1000 år, stort 1000-årsjubileum i Vestre Slidre

Sidan januar har ei styringsgruppe vore i sving med planlegging av jubileet, dei har gjort eit fabelaktig godt arbeid! Styringsgruppa er prost Carl Philip Weisser, Ingebjørg Moe frå Valdres historielag, Ove Ekerbakke frå Øystre Slidre kyrkjecontor, Katharina Sparstad frå Valdres natur- og kulturpark, Ole Aastad Bråten frå Valdresmusea, Geir Kongslien frå Vestre Slidre kyrkjecontor, Aud-Karin Hovi frå Nord Aurdal kyrkjecontor og prosjektleiar Eivind Brenna.

Olsok, 29. juli var det hovudmarkering i Slidredomen og i prestegarden i Slidre.



Haldor held god tale.

For ein dag, for ein fest! Taler, musikk og korsong, prosesjon med biskop i bispekåpe, prost og prestar, pilegrimar med tursko og vandringsstav, alle vanlege og uvanlege folk i flokk og fylgle, klokkeringing frå kyrkjetårn og stupul. Økumenisk fredsgudsteneste, tekstar lesne på samisk, singhali, ukrainsk og norsk, framføring av Olavshymne med kor og handklokker,

preike av biskop Ole Kristian Bonden, fullsett kyrkje og ljomande salmesong.



Biskop Ole Kristian Bonden i den flotte bispekåpa.

Prosesjon frå kyrkja til prestegarden, her fekk alle majel frå fengselet (og den var god!), saft og kaffe, det var sal av lokal mat og lokalt handverk, det var helsing frå fylkesordførar, det var innlegg frå alle ordførarane i Valdres, kva kommune fekk no eigentleg smake mest på pisken til Olav Haraldson i 1023? Kva spor etterlet han seg, kva har kristendommen hatt å seia? Det var gode kulturelle innslag frå alle valdreskommunane, Ragnhild Hemming avslutta denne avdelinga med fiolin spel i verdsklasse.



Allslags folk!



Ein berrføtt kar i bunad ...



Biskopen på prekestolen.



Fire forskjellige språk





Liv og røre i heile prestegarden

I det rommelege prestegardsstabburet stilte Ann Holden ut rutatøy ho har vove, Marit Anny Løken Tvenge hadde utstilling av kyrkjekstilar i våningshuset, to driftige og flinke damer fekk lov å skine litt!

Kva gjorde størst inntrykk?
Kanskje alle frivuljege som har drive
på i utalege timar for å få det heile til
å gå?

Kanskje ein berrføtt kar i bunad som
gav oss soga um dei tusen åra på fire
minutt ved å bruke språk og enkle
gester? At karen heiter Eivind Øde-
gård og er son til redaktøren dreg
ikkje ned det heller...

Eit arrangement utan knirk!

Johanna Fuglesteg
Alle biletet:
Anne Karin Rud Truberg



Martin og Kim.

«Alt har sin tid ...» – Takk!

«Alt har sin tid...», – når du leser dette er mitt år som vikarprest i Vestre Slidre over... Det har vært et godt og spennende år! Hjertelig takk for alle gode møter, tillit og åpenhet – i glede og sorg, i hverdag og fest. Jeg tar med meg gode erfaringer fra å være folkekirkeprest i Vestre Slidre når jeg nå vender tilbake til liv og prestearbeid på Høvik, i Bærum.

Det er så vakkert her i bygda! Og store kontraster; Fra minus 25 grader og kaldt vintervær med mye, veldig, mye lett snø, ukesvis, – til fantastiske sommerdager med sitt lys, sin grønske, vekst og varme. Mange en kveld har jeg nå i sommer gledet meg over fantastiske solnedganger over Slettefjell.

Hviler en stor mildhet – toss alt

Jeg er glad i Hans Børli sine dikt. Med sin livserfaring på godt og på vondt og med sitt kunsterblikk og følsomhet maler han med ord dybdene og høydene i verdens og våre liv. Han peker hen på og tyder livet som vi får som gave, fra mysteriet Gud, vår skaper fri-gjører og livgiver, tross alt - hele tiden.

Siste halve året har jeg bodd i Øvre Røn. Når jeg ser utover grasmarkene her, med sitt spill av vind i det grønne graset, blir et av hans dikt en tillitsfull og ettertenksom trosbekjennelse for meg:

Hviler en stor mildhet

Ved kveld – når stjernene går vestover
og jorda overgir seg stille
til sommerhimmelens fred, Da
kjänner du som en iling i selv ryggmargen
at alt liv blir lukket inne
i ei varm hulhand
og løftet varsomt
opp. Hele verden hviler i en stor mildhet
trass i alt –
Hviler i en stor mildhet med sine sinnssykehushus
panservogner barnemordere
kriger –
En stor hvit mildhet som engang
skal skape *Mennesket*. Og da
ved en ny tidsregnings begynnelse –
vil ondskapens svarte brakkland
bli omdannet til åkrer
som duver for vinden.

Det er derfor
livet holder ut
på planeten jorden. Det er derfor
blåklokkene er like blå
hver sommer i graset. Og
fuglene like gyldne når
de flyter på vinden høgt over hvetelandet
i solnedgangen.

Ett er nødvendig i denne vår vanskelig verden

I denne paradoksale virkeligheten, med sine forferdelige kriger «og sin gode mildhet» – og sitt framtidshåp, er det et annet dikt av Hans Børli som utfordrer oss. Diktet utfordrer oss til å til leve i tillit, i håp, men også å brette opp ermene, våge å være ærlige, ta nødvendig oppgjør med det i våre liv som ødelegger, skaper mismot og smerte både for oss selv og for andre. Jeg gav det til konfirmantene når de ble konfirmert nå i pinsehøytiden. Jeg har det nedskrevet på en papirlapp i lommeboka som jeg kan ta fram når som helst. Nå gir jeg det til dere alle i vakre Vestre Slidre.

Diktet er for meg en programerklæring, ett motto og en stor utfordring. Vi er alle skapt i Guds bilde. I dåpen lyder Jesu ord: «Jeg er verdens lys. Den som følger meg skal vandre i mørket men ha livets lys». Og til sine venner sier Jesus også: «Dere er verdens lys!» Et livsprogram trer fram. Det møter jeg også i dette diktet:

Ett er nødvendig

Ett er nødvendig – her
i denne vår vanskelige verden
av husville og heimløse:
Å ta bolig i seg selv
Gå inn i mørket
og pusse sotet av lampen
Slik at mennesker på veiene
kan skimte lys
i dine bebodde øyne.

Alt godt til dere alle, – Gud velsigne dere på veiene inn i åpen framtid, med vakkert lys i bebodde øyne.

Trygve, vikarprest.

Olav den Heilage



Olav den H. av A. Tiedeman.

«**OLAV KONGE, GUDS UTVALDE**» song prosjektkoret i Slidredomen den 29. juli 2023, frå den nye Olavshymnen under 1000-års jubileet for kristninga av Valdres. Om vi skal tru Snorre Sturlason vart vi omvende i 1023, og han er den einaste kjelda vi har å halde oss til.

Å samle landet og kristne det var for Olav Haraldsson kanskje to sider av same sak?

Valdres står det lite om i «Snorres Kongesogur», men han seier tydeleg at her var det berre heidningar. Olav tok seg oppover frå Sogn og nøyte seg opp til «Vatnet» og kom uventa på bøndene der. Han tok skipa (?) deira, gjekk om bord på dei med heile mannskapet sitt, sende rundt bodstikka og sette ting så nær vatnet at han hadde alle båtane i si makt.

Då «heidningane» fekk spurt at kongen var i Valdres, greidde dei å samle ein stor og fullt væpna hær, som dei møtte til tings med. Kongen baud dei kristendomen, men bøndene protesterte høglydt og bad han halde kjeft, samstundes som dei laga eit skramlande ståk og våpenbråk.

Olav og mennene hans var i mindretal, difor slo han no fort om og spurde om nokon hadde kjæremålssaker dei ville ta opp på tinget. Då splitta bondehæren seg snøgt i mindre flokkar, og ein merka fort at her var det mykje usemje, der folk vart dregne i fleire retningar og -klikkar. Heile dagen rann bort til nyttelaus og utmattande akkedas, og då kvelden kom, enda tinget utan forlik.

Om natta, medan tingmennene sov, gjekk Olav med sine menn ned i båtane, drog av stad over vatnet og herja frå nes til nes. Dei for hardt fram mot folk og fe og brende gardane ned, på både sider av fjorden.

Då valdresbøndene vakna og såg røyken og logen frå gardane sine, mjukna dei fort, for dei var redde for huslyden og krøtera sine, og då tok dei ved kristendomen.

«**Vatnet**» meiner ein må vera anten Vangsmjøsa eller Slidrefjorden; slik står det i fotnotane. Andre stadnamn høyrer vi ikkje om i Valdres, (– derimot er det rikeleg med titulering av både personar og lokale stader i Gudbrandsdalen, der han var to år før...)

Kristninga av landet var nok ein langdryg prosess, men den nye religionen høvde godt for den som ynskte eit samla Noreg.

SAMLA NOREG? Var ikkje det samla frå før av Harald Hårfagre? Det lærde då vi på skulen! Men det var visst eit skrøpeleg rike. Reell styring hadde han visstnok berre over dei sentrale og sørlege fjordstrøka på Vestlandet. Lenger nord og i Innlandet var styringa heller lita eller inkje. I Viken hadde han knapt nokon makt i det heile – det var danekongen sitt revir. Etter kvart gav han makta over til Eirik Blodøks, men delte raust ut landområde til sine andre søner og, som han hadde flust av. Så det samlingskongen hadde samla, ramla fort frå kvarandre att ... Med Olav Tryggvason kom ny framdrift i både rikssamling og kristning, men regjeringsstida hans vara berre i fem år.

Så Olav Haraldsson måtte ta det frå «scratch», som det no heiter.

SVERDMISJON var nokon dei to Olav'ane hadde starta i ei heidensk utmark tiåra før og etter 1000-talet, heiter det. I dag veit vi at kristninga var ein stort sett fredeleg endringsprosess som vart driven fram av kulturimport frå kristne land i sør og vest lenge før den tid. Vikingtoktene

var ikkje berre plyndring og vald, men og handelsreiser som tok med seg nye kulturformer og åndelege impulsar på varelasset heim til Noreg.

Dette kom fyrst og fremst dei mest dei folkerike kystområda til gode, dei som hadde den livlegaste kontakten med andre delar av verda. Innlandet, Trøndelag og Nord-Noreg stilte i så måte langt bak – så det var der Olav Haraldsson måtte seta i gang med kristningsaksjonar.

MODERNISERE NORGE inn i eit europeisk mønster var det OLAV H. ville. På denne tida var nesten heile resten av Europa kristna, noko som var ein viktig faktor for samspellet med andre statar, både når det gjaldt handel og andre former for kontakt med omverda.

Kristendomen sette kongen øvst, som einaste herskar. Han fekk makta si direkte frå Gud. Idealet for kristne mellomalderkongar var å syrgje for at Guds lov vart halden på jorda.

1030 er året vi reknar Noreg for ferdigkristna.

Olav Haraldson tapte striden på Stiklestad i 1030, men det gjekk ikkje lange tida før folk tok til å fortelja merkelege hendingar om han, mellom anna at sola vart skygd for, så det vart mest nattemørkt medan striden stod på, og den døde Olavs blod lakte mellom anna åpne sår og blinde augo.

– Kva kunne dette tyde på?
– At Gud var harm?

Etter eit år fekk Einar Tambarskjelve i samråd med biskop Grimkjel lov til å grava opp att Olav. Liket var like friskt som den gong det vart jordlagt, og ein vidunderleg ange slo i mot dei. Hår og skjegg hadde vakse som om han hadde vore levande.

Bispen og alt folket dømde då at Olav var heilag. Så hadde han likevel sigra.

Han vart lagt i eit sylvske i sett på høgaltaret i Klemenskyrkja i Nidaros.

Gjetordet gjekk, og frå landa rundt i Europa kom det flokkevis av pilegrimar til Olavsmessa den 29. juli.



NIDAROSDOMEN

– den fagraste kyrkja i Norderlanda, vart reist over grava til Olav den Heilage – *eit meisterstykke i gotisk stil og utsmykking; ein nasjonalheilagdom.*



OLAVSFONTALET

vert ofte kalla Noregs nasjonalikon eller nasjonalskatt. Det står i Oktogonen, eit åttekanta, stort og flott rom med elegant gotisk dekor. Det er martyrgrava over Olav den Heilage, og sjølve hjartet i den mektige Nidarosdomen; grunnlaget for både kyrkjeleg og verdsleg maktsete, og pilegrimsmål i fleire århundre.

Frontalet fortel visuelt om kong Olavs kamp for kristning av Noreg. Det er eit målarstykke, utført i oljefargar på trepanel datert til 1290 – 1330.

«Frontale» eller «antemensale» (ante = framfor og «mensa» = bord) heiter så fordi det er plassert på framsida av altaret.

I mellomalderen var det vanleg å bruke antemensale på den måten.

Olavsfrontalet er strukturert i ei krossform, som deler biletet inn i eit midtfelt og seks sidefelt.




I midten, innramma av gotisk kyrkjearkitektur, står Heilag Olav i full høgde. Han ber kongekrona og rikseplet, symbol på kongemakta, og i høgre handa har han stridsøksa som felte han, sjølve mord- eller martyrvåpenet.

Her er han komen fram til det himmelske Jerusalem, det skjønar vi av den gyldne bakgrunnen. Olav er med dette Rex perpetuus – Noregs evige konge.

To smalare sidefelt utgjer armane på krossen, i form av ei horizontal frise på kvar side av helgenkongen. Krossarmane viser symbola åt dei fire evangelistane: løva Markus, engelen Matteus, ørna Johannes og oksen Lukas.




Fire scener frå livet til Heilag Olav, to på kvar side av krossen, må lesast nedanfrå og opp:



Den ridande kungen

Nedst til venstre kjem Olav ridande. Han gjev bort ein sekk med pengar, og i Snorre kan vi lesa at dei skal delast ut til dei fattige, til kyrkja og til sjela åt dei mennene som strir mot han og fell i den komande kampen. I likskap med St. Stefanus, Jesu inntog i Jerusalem og den ridande kong David. Alle med omtanke for fiendane sine.



Olavs draum

Øvst til venstre ser vi Olav som sov. Han er klar til krig. Ein stige står mot himmelen, der ein person tittar fram med ei talande hand. Snorre fortel at Olav vart vekt like før han kom inn i himmelen. Stigen minner oss om

Jakob sin draum, der han og ætta hans fekk landet han låg på av Gud. Her kan dette tolkast vidare til at Olav på same måte fekk Noreg i len, og såleis vart «Noregs evige konge» – rett nok kom den utnemninga fyrst i 1152 – 53.

Olavs fall

Nedst til høgre ligg Olav på bakken med krigarane i kring seg. Han blør frå bane-såret han fekk av Tore Hund, som er i ferd med å dra lansa si ut or kroppen på den døde. Våpenet til Olav ligg ved sida hans – eit viktig poeng – ettersom ein martyr alltid måtte døy utan våpen i hand, men heilt forsvarslaus.



Helgenkåringa

Øvst til høgre ligg Olav naken i grava, med biskopar og andre geistlege rundt seg. Han er nyleg grave fram att etter eit år, like heil og halden. Olje vert helt over han frå eit kar. Dette må tyde på at Kristus er født i dette mennesket. Olav må vera heilag.

Olav vart kåra til helgen 3. august 1031, eitt år og fem dagar etter at han døydde.

Ved siden av Maria

var St.Olav den mest avbilda helgen i nordisk mellomalderkunst, både i målarstykke og skulptur. Olav er ofte framstilt med krone, ståande eller sitjande, med øks i den eine handa og rikseple i den andre. Under føtene hans stikk det fram eit uhyre – symbolet på dei vonde maktene han vann over, både i og utanom seg sjølv.



St Olav blir ofte omtala som ein katolsk helgen.

Den ortodokse kyrkja held og Olav Haraldsson fram som ein stor norsk helgen, og ikonmålararane deira har til og med utvikla ein eigen olavskonologi. Olavskon er sentralt plassert i fleire av dei ortodokse kyrkjene i Oslo som ein del av ikonostasen.

Men det eldste kjende Olavskonet i bysantinsk stil er frå 1200-talet og finst på ei av søylene i fødselskyrkja i Betlehem

Olavskyrkjer og -monument vart reist i store delar av den kristne verda, i austlege område som Novogorod, Viborg og Gdansk – sjølvsagt i Noreg, Sverige, Danmark og Finland – men ikkje berre der – i England, Tyskland, Nederland og Russland med.

Sigrun Sørensen

Tårnagenter i Slidredomen



14. mai var det tårnagentsundag i Slidredomen, ein triveleg dag med masse fine 8-åringar som utforska kyrkja både høgt og lågt. Ungane fekk caps og bøffar, laga teikningar og var på skattejakt og fekk pizza til mat, godt rettleia av trusopplærar Geir. Ungane fekk òg vera med å prege kveldsmessa saman med Trygve prest med song og dans, og dei vart intervjua av trusopplæraren om dagens hendingar. Alle var enige i at dette var ein fin dag og ei fin messe!

Geir Kongslien



FYSTRO

Sundag 2. juli var det messe på Fystro, været var som det vart resten av sumaren! Eline og Øyvind opna huset for kyrkjelyden, og det vart ei svært hyggeleg guds-tjeneste! Røn sokneråd og Vestre Slidre historielag diska opp med mykje god mat.

Jan Erik Lisjordet har kjøpt jordvegen på Fystro, så neste år blir han vert for oss.

Johanna Fuglesteg



Gamle og nye eigara: Eline, Øyvind, Eskil og Jan Erik.


Velfylt matbord. Marianne ser til at alt er i orden.

Barnesida


1. Fargelegg bildet av iskremguten.



2. Labyrint: Hjelp smurten å finne fram til huset sitt.



3. Frå prikk til prikk – tegn ein strek frå prikk nummer 1 til prikk 2 og så vidare heil til du har fått fram heile biletet. Ettterpå kan du fargelegge alt saman om du vil.



QUIZ for meisterhjerner.

- Kva kan du henge mellom to tre og sova i?
 - Kva er ein primus?
 - Kva kan du ha drikke i for at den skal halde seg varm?
 - Kva for kallenamn har Oslo? «Tiger-staden» eller «Løvebyen»?
 - Ishavskatedralen ligg i byen som vert kalla «Nordens Paris». Kva for ein by er det?
 - Kva er tregast av eit dovendyr og ei skilpadde
 - Kva er tyngst av ein fotball og ein basketball?
 - Kva er høgast av Galdhøpiggen i Noreg og Kebnekaise i Sverige?
 - Kven er størst av løva eller tigeren?
- Svar på side 14

Sigrun Sørenga

Mo kyrkjeruin

23. juli

Sola skein då me kom, folk kom det også! Me hadde gløymt å seia frå til Per Håvard Moe Nevland, gardbruken på Mo, han tok godt mot oss lell, me lova bot og betring og skal seia frå neste år.



Syver tok fram fela att då det sluttet å regne.

Syver Rolandsgard Hauge spelte aldeles nydeleg i inngangsprosesjonen, syngebollen ringde inn, alt gjekk som det skulle. Så kom regnskura. Kaldt var det ikkje, litt vatn tålte me alle, det våra oppatt og sola kom fram! Slidre sokneråd hadde med kaffe og gode kaker, Syver fekk spelt postludiet etter ei lita stund. Trygve Rø fekk takk frå sokneråda ved Toril Olvik, ei korg med valdresmat fall i smak.



Trygve Rø fekk takk frå store og små, Kristian, Lilja og Atena vart med bestemor Toril i ein varm takk.

Pilegrims- vandring 2023

I år var det syttande gong det vart arrangert pilegrimstur frå Hedalen stavkyrkje til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Pilegrimsturen er 162 km lang, er drive av Pilegrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres, og logoen deira er innviingskross frå Slidredomen. Jonsokdagen, 24. juni, kom pilegrimanane til Slidredomen. Etter gudstenesta bad Slidre sokneråd til bords i kyrkjestogo, Jan Bør Janhansen delte ut medaljer til alle vandrarane, stemninga var god og alle fekk overnatte i prestegarden.



Innviingskross i Slidredomen.

Tekst og bilete:
Johanna Fuglesteg



Jahn Bør Janhansen deler ut StThomasmedalje, Liv og Toril ventar på å få teke oppvasken...

Messe på Vasetstølen 6. august



**Vertskapet på
Vasetstølen hadde
ordna fint til guds-
teneste ute, to barn
vart døypte denne
dagen! Bjørn
Mathisen var
prestevikar.**

*Det gjekk an å vera
ute denne sundagen!*



Stilig og enkelt.



*Dåp ute går heilt fint
når det er opphold
og summar.*

30. august i Lomen Stavkyrkje

Olsok, 29. juli, var det 1000-årsjubileum i Slidredomen, dagen etter bad Lomen sokneråd inn til tradisjonsrik feiring i og ved stavkyrkja. Dette var siste gudstenesta Trygve Rø held i Vestre Slidre, han fekk blomar, gåve og godord frå prost Carl Philip Weisser og kyrkjeleg fellesråd.



Bra med folk, god mat, god stemning. Takk til Lomen sokneråd! Bilete: Rolf Niemayer.



Bera opp – og bera ned att!

Vallister for soknerådsval

Slidre

Andreas Rud Johme	11.06.1998
Edith Jørgine Helle	06.08.1964
Nils-Olav Tilden	22.11.1952
Ranveig Hagaseth	02.11.1994
Arne Kolbjørnshus	05.06.1968
Per Håvar Moe Nevland	07.05.1978
Gro Berge	05.05.1965
Marit Bergliot Strømmen	12.07.1961
Trine Andersen	03.02.1976
Kai Ole Ødegård	24.03.1970
Bente Iren Olsen	25.07.1965
Anne Karin Rud Truberg	24.07.1965
Toril Karin Olvik	23.11.1961
Robert Pedersen	23.10.1966

Røn

Britt Helen Moe	19.05.1964
Magnus Isaksen	01.02.1989
Marianne Tuvmarken	16.06.1970
Rolf Olav Flønes Nyhagen	23.10.1986
Johanna Fuglesteg	17.01.1956
Kirsten Marie Håkonsdatter Røine	29.07.1958
Ole Martin Ringen	29.05.1991
Anna Lagrud Granli	07.06.1961
Ådne Reinholt Geicke Kolbjørnshus	06.07.1991
Anne Marie Heen Snortheimsmoen	28.03.1962
Aud Ingunn Sørengen	10.08.1964
Espen Solsten Før	15.09.1992
Anne Kari Røn	24.06.1968
Ørjan Bergum	10.09.1990

Lomen

June-Marie Tronstad	25.05.1990
Einar Lome	14.02.1999
Andres Horge	21.12.1954
Karin Kongslien Gullhaug	05.02.1964
Silje Nyhagen	19.05.1995
Erik Pedersen	27.05.1991
Kine Ramsland	19.11.1985
Trygve Riste	23.06.1972
Ingvild Hovrud	23.04.1990
Sigrid Johanne Hovda	23.06.1995
Anne Gustavsen	26.06.1995
Linda Krossøy	01.02.1978

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Mars – august 2023

Jordfesta	Lomen sokn:	05.05.23	Johan Trygve Stormyren	f. 1951 (urne)
		09.05.23	Gro Margaret Rudi	f. 1948
		24.08.23	Trygve Arne Tørstad	f. 1949
	Slidre sokn:	11.05.23	Ingrid Moe	f. 1949
		16.05.23	John Gram	f. 1941
		08.06.23	Marit Bjerke Øygard	f. 1938
		27.06.23	Janicke Eckhoff (budde i Oslo)	f. 1928 (urne)
		11.08.23	Finn Oddvar Carlsen	f. 1938
	Røn sokn:	20.04.23	Thorval Rogn Fystro	f. 1927
		06.07.23	Gunnar Engen	f. 1937
		11.07.23	Eirik Strømmen Ristebråten (budde i Nord Aurdal)	f. 1989
Vigde	Lomen sokn:	24.06.23	Valentina Moreno og Vegard Lilloe Svendsen (Lomen stavkyrkje) (bur i Oslo)	
	Røn sokn:	24.06.23	Oda Viste og Martin Kvaal (bur i Nord Aurdal)	
Døypte	Lomen sokn:	18.06.23	Tuva Lyseng Hovda	
		18.06.23	Sondre Lyseng Hovda	
		20.08.23	Thomas Bjørklund Kårstad	
	Slidre sokn:	04.06.23	Hedvig Moen Dvergsdal (bur i Bærum)	
		04.06.23	Lea Sofie Dalen Tvenge	
	Røn sokn:	23.04.23	Marie Kvernevik-Fosheim	
		23.04.23	Ingrid Rabben (bur i Nord Aurdal)	
		28.05.23	Juliane Sandum (døypt i Lidar kyrkje Ø.Slidre)	
		06.08.23	Mathilde Johnsen (døypt på Vasetstølen, bur i Nord Aurdal)	
		06.08.23	Kristine Nibstad-Fodnes (døypt på Vasetstølen, bur i Nord Aurdal)	

- A) Hengeløkya
B) Et kokeapparat til å laga mat
C) Termost
D) Tigertadene
E) Tromsø
F) Dovendyr
G) Ein baskettball
H) Galdhøpiggene
I) Parafinbrennar
J) Ein baskettball
K) Tømre

Svar på QUIZ fra s 10:

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegam

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Dag	Tid	Stad
SEPTEMBER			
03.09.23	Vingardssundag	11.00	Lomen
10.09.23	15. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen, presentasjon av nye konfirmantar
17.08.10	16. s i treeiningstida		Frihelg
24.09.23	17. s i treeiningstida	11.00	Røn, hausttakkefest og 4 - årsbok
OKTOBER			
01.10.23	18. s i treeiningtida	11.00	Slidredomen
08.10.23	19. s i treeiningstida	11.00	Røn
15.10.23	20. s i treeiningstida		Frihelg
22.10.23	21. s i treeiningstida	11.00	Lomen
29.10.23	Bots - og bønedag	19.00	Øyjar
NOVEMBER			
05.11.23	Helgemessesundag	11.00	Slidredomen
12.11.23	24. s i treeiningstida		Frihelg
19.11.23	25. s i treeiningstida	11.00	Røn, Lys vaken
26.11.23	Kristi kongedag	11.00	Lomen
DESEMBER			
03.12.23	1. s i advent	11.00	Slidredomen
10.12.23	2. s i advent	19.00	Røn, lysmesse for konfirmantar
17.12.23	3. s i advent		Frihelg
24.12.23	Juleaftan/4. s i advent	12.00	Slidreøya
24.12.23	Juleaftan	14.00	Lomen
24.12.23	Juleaftan	15.00	Slidredomen
24.12.23	Juleaftan	16.00	Røn
25.12.23	1. juledag	12.00	Slidredomen
26.12.23	2. juledag	11.00	Sjukeheimen
31.12.23	Romjulssundag		Frihelg

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjrarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellan pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Sofia Bergheim	48624468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre Reinhaldar i alle sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn	jndontcha@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	j-ole-b@n2u.no
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Margit Bratvold	93043323	Kom. valt repr. i fellesrådet	

I skrivande stund er bispedømmet i gang med å tilsette ny prest i Vestre Slidre, sokneråda har kome med si tilråding.
Fylg med!

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



God haust frå redaksjonen!

Sigrun Sørenga, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide,
Johanna Fuglesteg

E-post til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com.



SLIDRE BYGG	Kampenes - BEGRAVELSESBYRÅ - Tlf.: 61 36 17 70	Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service
Vestre Slidre kommune Heilt naturleg – ekta vare	Brødrene Snortheimsmoen Graving – Transport – Mobilknusing 2960 Ren Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	Vestre Slidre El-installasjon A/S Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
RYFOSS Tlf. 97068077 www.joker.no	Rakfisk FRA VALDRES RØN GARD ETBL. 1965 TLF. 918 44 501	TVEITABRU
Selskap og bryllup Aktiviteter Catering post@brennabu.no tel. 36 61 31 62 brennabu.no	MASKINENTREPENOR Ola Jørgen Fauske Mob: 95 12 43 90 www.fauske.no	TAKSTKONTORET valdres Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
Haugrudbygg AS	Fosheim Interiør	Byggtorget Fosheim Sag
Vestre Slidre Slidrevegen 14 2966 Slidre Tlf. 61345990	Valdres Varme & Sanitar Gunnar Hovda – Tlf. 481 27 903 Industrivegen 41 – Ryfoss	Wangensten AS Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.